

Vedlegg:

Framlegg til mandat

- **Kommunalt foreldreutval for barnehagar og grunnskular (KF) i Lindås kommune**

Målsetjing

Intensjonen med KF er å styrkje samarbeidet mellom føresette og kommunen. Det kommunale foreldreutvalet skal ivareta interessene til alle føresette med barn i barnehage og grunnskule i kommunen. Det skal vere ein formell arena for samarbeid, dialog og rådgjeving mellom føresette, rådmann og politisk nivå.

Mynde og ansvar

KF skal arbeide for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage/skule, og skal ivareta føresette sine interesser ovanfor rådmann og politisk nivå. Rådmannen nyttar KF som høyringsorgan i saker som er relevante for tenesta, og kallar inn til møte etter fastsett møteplan samt ved ekstraordinære behov. Rådet kan fatte rådgjevande vedtak når føresette ønskjer det. Rådmannen legg til rette for ein sekretariatsfunksjon for medlemmene i KF.

Samansetjing og funksjonstid

Kvar krins i kommunen kan stille med tre-fem foreldrerepresentantar i utvalet. Stab oppvekst førebur prosess for val av representantar til utvalet, som inneber informasjon til FAU og SU, høve til å sende inn nominasjonar samt gjennomføring av valmøte. Representantane skal bestå av foreldrerepresentantar frå kommunal barnehage, barneskule og ungdomsskule, samt privat skule og barnehage. Det skal vere eit konstituerande møte innan 1.november kvart år.

Funksjonstida er sett til 2 år. Ved første gongs etablering bør halve gruppa veljast for 1 år. Dette for å sikre kontinuitet i arbeidet.

Arbeidsform

Kommunalt foreldreutval skal ha minst eitt fast møte kvar haust og vår.

Kopi av innkalling og sakliste samt referat skal vere tilgjengeleg på heimesida til Lindås kommune.